Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato
29.05.2013
Dykkar dato

Vår ref.
2007/1312/ANML/473
Dykkar ref.

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Anne Melbø, 71 25 85 15

Romsdal Gjenvinning AS
Årødalen
6422 Molde

Inspeksjonsrapport – 2013.041.I.FMMR

Inspeksjon hos Romsdal Gjenvinning AS 02.05.2013.

Kontaktperson ved kontrollen

Frå verksemda:	Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Janne Løvik	Anne Melbø
Jan Arild Løvik	Reidun Sofie Schei
Ole Astad	

Resultat frå inspeksjonen
Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjon ved Romsdal Gjenvinning AS 02.05.2013. Rapporten har status som foreløpig. Dersom vi ikkje får nokon tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteke, er rapporten å rekne som endeleg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekka **1** avvik og **0** merknader under inspeksjonen.

Avviket omhandlar:
Verksemda oppfyller framleis ikkje vilkår satt i løyvet om opprydding av gamalt trevirke.
Oppfølging etter tilsynet er nærmare omtalt på side 2.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for god mottaking og godt samarbeid under tilsynet.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
seksjonssjef

Anne Melbø
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:
Molde kommune Rådhuspl.1 6413 MOLDE

Informasjon om verksemda

Namn: Romsdal Gjenvinning AS	
Organisasjonsnr (underenhet): 972371653	**Eigas av:** 967686999
Besøksadresse: Årødalen	**Telefon:** 71210870
Bransjenr. (NACE-kode): 16.290	**E-post:**

Kontrollert anlegg

Namn: Romsdal Gjenvinning AS	**Anleggsnr**.: 1502.0012.01
Kommune: Molde	**Anleggsaktivitet**: Avfall mottak, mellomlagring og sortering
Fylke: Møre og Romsdal	**Risikoklasse**: 3
Løyve gitt: 05.11.2009	**Løyve sist oppdatert**: 05.11.2009

Bakgrunn for inspeksjonen
Rapporten er utarbeida etter eit tilsyn ved Romsdal Gjenvinning AS 02.05.2013. Denne inspeksjonen var ei oppfølging etter avvik avdekt under tilsyn utført 08.06.2010.

Inspeksjonstema:
Gamalt trevirke som har vore lagra i lang tid på området.

Definisjonar

Avvik: Overtrede av krav fastsatt i medhold av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, IK-forskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine eigne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Merknad: Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike da det er eller kan vere viktig for å ta vare på det ytre miljø.

Oppfølging etter inspeksjonen
Under inspeksjonen vart det ytra ynskje om at det blir eit møte mellom verksemda og Fylkesmannen i etterkant av inspeksjonen for å diskutere løysingar på avviket.
Vi foreslår møte på fylkeshuset **mandag 24.06.2013 kl. 12:00.** Gi beskjed dersom dag eller tidspunkt ikkje passar.

Gebyr for inspeksjonen
Verksemda skal betala gebyr for kontrollen, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil en dags varigheit i verksemder med løyve. Risikoklasse er fastset ved handsaming av utsleppsløyve. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3.

Dette inneber at verksemda skal betala kr 11 700 i gebyr for den gjennomførte kontrollen. Sidan gebyrstorleiken fylgjer av vedteken risikoklasse er gebyrstorleiken ikkje eit vedtak som det kan klagast på. Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

Offentlegheit i forvaltninga
Denne rapporten vil være open for offentlegheita via postjournal til Fylkesmannen til Møre og Romsdal (jf. offentlegheitslova).

Regelverk
Dei viktigaste HMS krava for bransjen finn de på www.regelhjelp.no. Meir informasjon finn de og på Klif si heimeside www.klif.no og www.lovdata.no.

Heimlane for avvik i denne kontrollen er i følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 1. juni 2004

Tilsynet har elles tatt utgangspunkt i:

- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 05.11.2009.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til opprydding av gamalt trevirke

Resultat frå inspeksjonen

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda oppfyller framleis ikkje vilkår satt i løyvet om opprydding av gamalt trevirke

Avvik frå:

- Løyve til sortering og omlasting av næringsavfall for Romsdal Gjenvinning AS av 15.01.2009, punkt 1.3.
- Verksemda sin plan for fjerning av langtidslagra treavfall av 13.03.2009.

Kommentarar:
Frå gamalt av har Romsdal Gjenvinning liggande store haugar med trevirke, noko ligg lagra i skråninga opp mot Lomtjønna og noko rundt gjenvinningshallen. I deler av trehaugane er det òg innslag av anna restavfall.

I utslippsløyve av 15.01.2009 er det gitt vilkår om at verksemda skulle sende inn ein plan for korleis det gamle treavfallet skulle ryddast. Planen skulle sendas innan 27.02.2009 og området skulle vere ferdig rydda innan 01.11.2009. Dette vilkåret blei det ikkje klaga på.

Verksemda sendte inn ein plan for opprydding 13.03.2009. Verksemda planla å vere ferdig rydda innan 21.12.2011. Fylkesmannen kommenterte plana under tilsyn hos verksemda 08.06.2010. Det vart da gitt avvik på at treavfallet ikkje var rydda innan frist gitt i løyvet. Plan for opprydding av langtidslagra treavfall vart sendt inn som lukking av avviket, med opprydding innan 21.12.2011. Fylkesmannen godtok dette.

Fylkesmannen gjennomførte eit nytt tilsyn 02.05.2013, for å kontrollere at oversendt plan er fulgt opp. Det vart avdekt at verksemda framleis ikkje oppfyller vilkår gitt i løyvet om opprydding av gamalt trevirke. Under tilsynet var det vanskelig å få klarheit i kvifor oppryddinga ikkje var gått som planlagt og kor mykje avfall som framleis ligg att. Verksemda arbeidar jamt med å få levert avfallet som biobrensel til Geminor i Sverige. Dei blandar inn om lag 30 % gamalt trevirke i leveransane med biobrensel. Oppryddinga av gamalt trevirke er dermed avhengig av kor mykje nytt reint trevirke som kjem inn til verksemda.

Andre forhold
Verksemda har løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall, men har ikkje eit system for å ta i mot farleg avfall frå andre verksemder. Under inspeksjonen vart det forklart at verksemda heller hjelp kundar med å levere farleg avfall til andre mottak. Dersom det kjem inn farleg avfall blanda i restavfall, vert dette deklarert som avfall frå Romsdal Gjenvinning. Fylkesmannen kan ikkje sjå at verksemda har behov for løyve til mottak av farleg avfall. Dette vil vi diskutere nærare under møtet på fylkeshuset i etterkant av tilsynet.